

## Innkjøp av mobil scene til kulturformål

---

Oversendingsforslag til Formannskapet i Volda kommune

Forslagsstillar: Erlend Krumsvik/Krf Volda.

Volda kommune får årleg fleire søknadar frå ulike aktørar som vil ha støtte til festivalar og publikumsarrangement. Mykje av driftskostnadane til desse aktørane er å leie scene og lyd/lysutstyr, så dersom Volda kommune hadde ei mobil scene tilgjengeleg så ville utlån av denne svare til ei kommunal støtte på ca. 40.000,- per arrangement.

- Eksempel på norskprodusert mobil scene: <https://vimeo.com/138064540>
- Eksempel på tyskprodusert mobil scene: [https://youtu.be/a5aeHxIA\\_vo](https://youtu.be/a5aeHxIA_vo)

Ei mobil scene har fylgjande føremonar:

- Lav hengarvekt, som kan køyrast av type bilar kl B/BE.
- Rask riggetid på 30 min, av 1 til 2 personer (avhengig av modell).
- Lett utstyr som er enkelt å flytte
- Kan nyttast innandørs i idrettshallar

Innkjøpskostnad på scene, avhengig av størrelse, ligg frå 400.000 til 675.000,-

Forslagsstillar melder fylgjande forslag til Formannskapet:

1. Frivilligsentralen kan nyttast til å kartlegge behovet for Mobil scene i kulturlivet i Volda. Kartlegginga kan gjennomførast gjennom haust 2018 og vinter 2019, slik at eit forslag til vedtak kan gjerast tilstrekkeleg tidleg for evt. innkjøp av materiell til sommaren 2019.
2. Dersom Volda kommune gjekk til innkjøp av ei mobil scene, så ville det være naturleg å legge denne i drift under Eigedomsavdelinga. Dei har nødvendig materiell og fagkompetanse til å handtere materielle og vedlikehald, avgrensa til scena åleine. Lyd- og lysutstyr bør andre eige, og ta seg av.
3. Innspelet kan ha relevans for budsjettprosessen 2019.

Det er ikkje i forslagsstillars tanke at disponible midlar til kulturformål skal takast vekk. Det vil fortsett være aktørar som ikkje har behov for mobil scene, og som treng ei støttande hand frå kommunen. Innkjøp av ei mobil scene kan være ein viktig katalysator for å realisere kultursatsing blant mange aktørar i vår kommune.

Erlend Krumsvik/Krf Volda.